



Dei 5 fyrste på lista vart Peder Sjo Slettebø, Leif Sverre Enes, Marit bakke, Øyvind Lernes og Jan B. Ingvaldsen

Høgrelista er eit godt utgangspunkt for eit politisk skifte i Kvinnherad til hausten.

Det sa ordførarkandidat Peder Sjo Slettebø frå Halsnøy då nominasjonsmøtet var fullført i Kvinnherad Vekstbedrift ikveld. Sjølv er han nominert for lang tid sidan og no vart 40 namn til klappa på plass utan dissensar.

Leiar i nominasjonskomiteen Gunn Mari Moberg frå Uskedalen fekk mykje ros for jobben. Knut Johannes Helvik karakteriserte den som fabelaktig og peika på at det nærmast hadde vore kø for å komma inn på lista. Spreiinga er god både geografisk og med omsyn til kjønn.

Ordførarkandidaten spår for uskedalen.no ikveld at partiet som no får 11 representantar av dei 35 - det er i så fall ein mindre enn ein lokal gallup viser i morgon.



Gunn Mari Moberg, her saman med leiar Øyvind Lernes, vart sterkt rosa for nominasjonsjobben

Moberg karakteriserte lista som god, men det hadde ikkje vore så enkelt å få kvinnene med. Det er 11 av dei på lista. Også Moberg meinte at den geografiske breidde er god og aldersmessig er spennet frå 25 til 75 år. Berre på eitt punkt var det usemje i møtet og det galdt kumulering. Der delte møtet seg på midten ettersom 10 gjekk inn fo å kumulera berre ein medan 9 røysta for 2 - Sjo Slettebø og noverande gruppeleiar Leif Sverre Enes frå Ænes.

På tredje plassen kom Marit Bakke frå Dimmelsvik medan partileiar Øyvind Lernes frå Rosendal vart nummer 4 og Jan B, Ingvaldsen frå Husnes nummer 5. Uskedalen fekk inn 4 på lista: Oddbjørn og Steinar Kroka Espen Zimmer og Andreas Tarberg og det er den største representasjon som vår bygd har på nokon liste ved dette valet.

Under årsmøtet etterpå vart Lernes attvald som leiar og med seg i styret har han Peder Sjo Slettebø, Gunn Mari Moberg, Arne Bjørnevik, Høgne Djuvsland og Knut Johannes Helvik. Dei 2 siste fylte nyoppretta plassar.

Gruppeleiar Enes kom i årsmeldinga si med ei kraftig salve til kolleger i kommunestyret og slo fast at det er nesten uråd for opposisjonen å få gjennomslag for noko som helst uansett kor gode forslaga måtte vere.

- Her er det makta som rår, her er det liten vilje til å lytta på eit stot mindretal, konstaterte Enes.

Han slo fast at Høgre har vore, er og i framtida skal vere eit parti for heile kommunen.

- Vi held stø kurs og er til å stola på, erklærte han-

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen